

Høyringsuttale Frå Venelaget for Halsnøy Kloster

Vedrørande vindkraftutbygging i Kvinnherad, og særskilt i nærområdet til Halsnøy kloster.

Venelaget for Halsnøy Kloster er ein friviljug organisasjon, som har som hovudføremål å løfta fram dei historiske og kulturelle verdiane som ligg i og rundt Halsnøy Kloster, og utvikla desse.

Venelaget har, i samarbeid med Halsnøy Kloster, Sunnhordland museum, Fylkeskonservatoren i Bergen, Riksantikvaren, Kvinnherad kommune og grunneigar Per Egil Juel, utvikla ei kulturløype med utgangspunkt i Halsnøy Kloster. Løypa går frå klosteret til Skarvasteinen, derifrå opp til Stølen og ned att til klosteret gjennom ei vakker Geil. Skarvasteinen og Stølen ligg like i nærleiken av Klostermarka og Brattåsen.

Kulturløypa vert mykje nytta av turgåarar, som rekreasjonsområde og til kunnskapsformidling om historia vår; med alle gravminna, nausttuft frå eldre jernalder, steinkrans frå førkristen tid, tjøremile m.m. Området er ein flott arena for oppleving og formidling av historie og kultur, marinbiologi, geologi og naturmangfald, og vert nytta av skular og mange andre, både lokalt og frå heile Sunnhordland.

NVE har peika ut område i nærleiken av Halsnøy Kloster som særleg godt eigna for vindkraftutbygging. Me vil påpeika at dette området; Klostermarka, Brattåsen og Klosterneset er fullt av automatisk freda fornminne. Området har også ein spesiell geologi og eit rikt botanisk arts mangfald. Her hekkar ørn. Heile Klostermarka er også eit mykje bruka turområde, med stiar på kryss og tvers.

Vindkraftutbygging i dette området er, etter vårt syn, heilt uforenleg med dei gode natur- og kulturopplevingane, som me verdset så høgt og arbeidar med å leggje til rette for. Ei slik utbygging vil forringe opplevinga av både historia, kulturen og naturen. Det vil øydeleggje det estetiske inntrykket og også medføre ulemper med lyd og store naturinngrep i eit sårbart område.

Me vil ta vare på og leggje til rette for gode opplevingar i dette, for oss, verdfulle området, slik at både nålevande og framtidige generasjonar kan ha nytte og glede av det.

Med venleg helsing

Styret i Venelaget for Halsnøy kloster, v/ Toril Romsø og Wenche Sæbø.